

---

KONTAKTBLAD FOR

Nr.38 Mai 2006 17.årg.

HJARTDAL

HISTORIELAG

**film-  
extra**



**Årsmøte**

**2006**

**Sjå side 2**

Velkommen til  
**Årsmøte 2006**

På Tuddal Kro og catering  
Torsdag 1.juni kl.19.00

**Årsmelding - Regnskap - Valg**

(Valgkomiteen har kandidatar klare, ingen blir valde mot sin vilje på møtet)

**Eventuelt**

**Kaffi og kaker**

**Vi viser Hjartdalsfilmene etter årsmøtesakene**

## Regnskapsoversikt 2005

Saldo 1.1.2005	kr 18 997,36	
Gaver og tilskot	kr 2 000,00	
AnnONSE Telen		kr 600,00
Portoutgifter		kr 606,00
Kontingentar/medlemspengar	kr 12 100,00	kr 320,00
Utg årsmøte 2005		kr 692,00
Ukjent inntekt	kr 800,00	
Tilskudd private kulturtiltak		kr 14 500,00
Bankgebyr		kr 35,00
Renter 2005	kr 23,00	
	kr 14 923,00	kr 16 753,00
Saldo 31.12.05	kr 17 167,36	

## Referat frå årsmøtet 10.3.2005

Årsmøtet var på Fossen kro. Der blei det bestemt å krevje kontingent for to år, da det ikkje blei sendt krav i fjor.

Vidare blei det referert skriv om Hauge-vandringa 27-28.august, der Historielaget blei bede om å orientere om dei forskjellige postane langs ruta frå Sauland mot Gransherad.

Det kom framlegg frå Maria Flatland om å samle kunnskap om gammal reidskap som etter kvart blir borte og gløymt.

Ivar Dahl orienterte om den tredje boka si som snart var klar.

Sekretæren fortalde om planane for eit spel om Bondeopprøret i Hjartdal.

Etter ei pause med kaffi og napoleonskake, blei planen om rydding av ein gammal og attrodd veg frå Tuddal til Tåterhus, teke opp att. "De eldre herrens forening" tok på seg å lage skilt langs vegen.

Så fekk Helle Gjerde ordet og fortalde om matlaging i gamle dagar på ein svært interessant måte. Helle har den rette bakgrunn for å fortelle om det, sidan ho har teke utdanning i tradisjonsmat ved Raulandsakademiet.

---

## Årsmelding 2005

Styret dette året har vore:

Svein Erik Sletta (formann),  
Aslaug Langåsdalen, Geir Brukås,  
Torkel Hytta, Øystein Aasen,  
Brit Ingjerd Hjartsjø.

Vara:

Anne Tone Hytta Larsen,  
Torkel Gjerde.

Valnemnd:

Ivar Dahl Leif Skoje.

Vi har dette året mottatt fleire samlingar gamle bilde: Frå Thorleif Aalandsli, Randi Luke (Thorbjørnsen/Haugen) og Ingrid Stenersen Bosnes, noko vi sjølvsagt er takksame for.

Laget har støtta utgjevinga av den tredje boka til Ivar Dahl, CD-utgjevinga Slåttar i tradisjon etter Einar Løndal v/Anne Hytta, og CD-utgjevinga Slåttar av Einar Løndal frå

NRK's arkiv v/Kjell Kristian Midtgaard.

Det har blitt arbeidd med å digitalisere og gjere tilgjengeleg to gamle filmar frå hjartdalsbygdene.

HHL deltok også ved gjennomføringa av Haugevandringa frå Sauland til Gransherad 27-28.august. David Mundal og Leif Skoje guida turmarsjen frå Krosshus til Moskåtet (Gransherad grense).

Vidare har ein vald styremedlemmer til Hjartdal skog- og tresenter (Heddal mølle): Geir Hagen og Frøydis Hagene Skoje, Toralf Hjartsjø (vara) Arbeidet med å merke og rydde Åsvegen (frå Tåtrhus v/Tjønnås til Løgndal i Tuddal) har komme langt sommaren 2005 under leiing av Ole Eivind Næsssen og Torkel Hytta. Eit styremøte blei halde 3.4.2006.

# Endeleg: Hjartdalsfilmar tilgjengelege på DVD

Mange vil nok enda hugse eit fast innslag på våravslutningen ved Hjartdal barne- og ungdomsskule frå ca 1970 og utover. Vi snakkar om visninga av den såkalla Hjartdalsfilmen. Ved starten var filmen både ny og aktuell, men etterkvart som åra gjekk blei filmminnslaget på skuleavslutninga mindre moderne og gjekk etterkvart over i kategorien "kultfilm" og var snart tatt av plakaten.

Retrobølgen som gjer 1950- og 60-åra populære igjen, må eit historielag sjølvsagt hive seg på. Og vi kan på årsmøtet, og forhå-



*Spelemannen Kjetil Flatland (Særsland) (1927-88) er med i filmen*

pentlegvis for framtida også, presentere heile to filmar frå denne perioden som vi i dag som den gong kallar etterkrigstida.

"Hjartdalsfilmen" er produsert ca 1967. Og ein del bygdefolk vil nok kjenne att yngre utgåver av seg sjølv på skjermen. Mykje daglegliv som den gongen var på veg ut av tida, er tatt vare på. Vi

kan nemne slåttonn på gamlemåten og anleggsarbeid med heilt anna utstyr enn i dag.

## **Ikkje bare ein hjartdalsfilm**

I tillegg har vi fått enda ein film å vise. Hjartdøla kraftverk filma uder mykje av anleggsperioden 1954-58. Og resultatet blei ein bra og heilskapleg film om hjartdalsanlegget. Frå dei første spadetak og traktorlass, til kraftlinene blei trekt til Grønvollfoss og sende straumen vidare ut i landet. I tillegg har denne filmen også lagt inn innslag frå det gamle Hjartdal, både i realistisk og meir arrangert stil.

## **Teknisk**

Begge desse filmane har siste åra vore tilgjengelege på biblioteka i kommunen, men i svært redusert teknisk kvalitet. Nå kan heller ikkje dagens utstyr gjere ein gammal film som ny, men samanlikna med VHS-band ser vi klart at vi er mykje nærmare den opprinnelege bilde- og lydkvaliteten.

Jack Hagen i Seljord har utstyr og kompetanse til dette arbeidet og gjer jobben nå i vår. Originalfilmen (16mm) blir kjørt gjennom ein spesialframvisar med tilkobla digitalt videokamera. Ein annan måte ville vore å scanne kvart bilde på filmrullane. Dette er også mulig, og ville gitt det absolutt beste resultat, men fleire titusen kroner ville bli prisen. Nå får vi

gjort jobben til ein mykje meir overkommeleg pris i ein kvalitet som er filmane verdig.

Det som begrensar kvaliteten nå er i minimal grad overføringsteknikken. Derimot er det tydeleg at originalfilmen rett og slett har falmat med tida. Dette har i stor grad gått ut over fargene. Raudt har for eksempel blitt heilt rosa. Dette kan til ein viss grad reparerast digitalt, og dette blir gjort nå.

### ***Kva med dine egne filmrullar?***

Det finst sikkert ein del amatør-filmopptak i bygdene våre. Det meste er 8mm som gjev noko dårlegare bildekvalitet, men i mange tilfelle vil det vere svært viktig å

få desse filmane overført til digitalt format. Både for at dei altså faltar heile tida. Og særleg for å gjere dei tilgjengelege med dagens utstyr — dvs DVD-spelaren. Ein treng altså ikkje reise lenger enn til Seljord for å få dette ordna.

Vi kan også nemne at for å få VHS-video overført til DVD-format, finst det nå kombinerte opptakarar til vanleg heimebruk til fullt overkommeleg prisar.

Poenget vårt her er sjølvsagt oså at det på denne måten kan komme fram mykje innhald som alt nå er av historisk interesse. Ta gjerne kontakt med historielaget om du kjem over film og video i eigen heim som du trur kan ha vidare interesse.



*Er det nokon av lesarane som kan gi oss namnet på denne stødige linjearbeidaren?*

## Bildesamlinga frå Stenersen/Bosnes



Vi seier mange takk for at vi fekk overta ei stor mengd foto frå Ingrid Stenersen Bosnes, etter at Gunnar Bosnes døydde i fjor. Bilda var for det meste etter Christian Stenersen (far til Ingrid) som var kunstmålar, og teatermålar på Nationalteatret. Familien bygde opp Little-Tho i Hjartdal som ein kunstnarheim "ein freda plett for kunstnarar og skodespelarar". Mange kjende kunstnarar blei kjende med Hjartdal gjennom denne familien. På bildet ser vi Chr. Stenersen

## Bildesamlinga frå Jon Haugen

Vi takkar også for ein del bilder vi har fått etter John (Torbjørnsen) Haugen (1905-56) frå familien i Oslo v/Randi Luke.

John var teknikar og dreiv radioforretning på Notodden. Han var bror til Torbjørn, smeden i Sauland. På bildet ser vi John som ein ung mann med interesse for musikk og media. Kva om han hadde levd i dag med våre tekniske muligheter?



## Ivar Dahls kulturhistoriske trilogi er fullført

"Kulturarv og tradisjon i hjartdalsbygdene" er undertittelen på denne tredje og siste boka i det dokumentariske praktverket om hjartdalsbygdene - før i verden. Bøkene har blitt til for at den rike, folkelege kulturarven og tradisjonen i bygdene våre ikkje skal bli gløymt. Snarare vere eit av fundamenta for framtida i tre levande telemarksbygder: Hjartdal, Tuddal og Sauland. Men også denne boka sprenger bygdegrensene.

Det aller meste av den facinerande saga har aldri før vore kjent blant folk flest.

Boka er rikt illustrert med 500 bilde frå 1880 til 2005.

*"Vi står på skuldrene til dei som gjekk føre oss. Vi strekker oss mot å gjere det betre enn dei - Gjer vi*


*Eit skjeldant bilde i boka er av denne vesle hjartdølen som har sovna midt i leiken med konglebuskapen sin*





*I Hjartdøla kraftverk sin film dansar desse ungdomane i sankthansnatta på Hundemyr. Frå v.: Ingeborg Sauar (Nymoen), Olav Dølen, Anne Sauar (Ruud), Jon O.Funner, Ragnhild Dølen (Undall), Leiv Dølen Spelemannen var Kjetil Flatland (Særsland) som det er bilde av på side.4.*

*Dette er eit fotografi som blei tatt i samband med innspelinga. Bildet tilhøyrer Gunhild Dølen*



## HJARTDAL HISTORIELAG

Formann: Svein Erik Sletta, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 391

[sesletta@frisurf.no](mailto:sesletta@frisurf.no)

Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje,

3692 SAULAND Tlf.: 350 23 011 [skoje@online.no](mailto:skoje@online.no)

Internet/web-adresse: <http://www.hjartdalhistorielag.no>

Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank: Kontonr.: 2699 07 04332

*Bladet blir sendt alle medlemmer.*

*Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgje kjelde.*

*Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet.*